

03 Troms og Finnmark - Oppdeling av Troms og Finnmark SV

Innstilling frå fylkesstyret til fylkesårs møtet:

- 1) Årsmøtet i Troms og Finnmark SV opphevar den mellombelse samanslåinga av Finnmark SV og Troms SV med verknad frå 1. januar 2023, og gjenopprettar Finnmark SV og Troms SV frå same dato.
- 2) Troms og Finnmark SV sine inntekter, forpliktingar, gjeld og eigedelar fordelast til Finnmark SV og Troms SV slik:
 - a) **Eigenkapital (bankbeholdning og evt. gjeld):**
 - i) Blir fordelt med 1/3 til Finnmark SV og 2/3 til Troms SV
 - b) **Andre eigedeler:**
 - i) 1 aksje i avisa Nye Troms blir fordelt til Troms SV
 - ii) Lausøyre på partikontoret i Honningsvåg blir fordelt til Finnmark SV
 - c) **Inntekter:**
 - i) Partistøtte blir fordelt med 1/3 til Finnmark SV og 2/3 til Troms SV.
 - ii) Partiskatt og anna uspesifiserte inntekter gjennom 2023 blir fordelt med ein halvpart til kvart fylkeslag.
 - iii) Kontingentandelen går direkte til hvert fylkeslag etter medlemstal.
 - d) **Utgifter:**
 - i) Kostnadar med avtale om distriktssekretær blir fordelt med 1/3 til Finnmark SV og 2/3 til Troms SV.
 - ii) Husleige og administrative kostnadar ved partikontoret i Honningsvåg blir fordelt med ein halvpart til kvart fylkeslag.
 - iii) Fylkestingsgruppa får 50 000 kr frå kvart fylkeslag i 2023.
- 2) Eit kontaktutval bestående av representantar frå Finnmark SV, Troms SV og fylkestingsgruppa settast ned for å forvalte det politiske ansvaret til Troms og Finnmark SV gjennom 2023. Kontaktutvalet skal også fungere som arbeidsleiing for distriktssekretæren, og fordeler eventuelle inntekter, forpliktingar, gjeld og eigedelar som ikkje er fordelt i denne saka, eller som oppstår i løpet av 2023.
- 3) Kontaktutvalet får fullmakt til å godkjenne årsberetninga og rekneskap med revisjonsberetning for Troms og Finnmark SV for 2022.
- 4) Kontaktutvalet avviklast 31. desember 2023, og Troms og Finnmark SV leggst endeleg ned same dato. Troms SV får ansvar for å avslutte rapporteringar og registreringar for Troms og Finnmark SV i offentlege register.

47 5) Årsmøtet vedtar vedtekter for kontaktutval slik:

48

49 **§ 1 – formål**

50 Kontaktutvalget representerer SV i Troms og Finnmark i forhold der fylkeslagene samlet må
51 ta stilling til saker av politisk eller økonomisk/administrativ art i 2023.

52 **§ 2 – sammensetning**

53 Kontaktutvalget består av to representanter fra hvert av fylkeslagene, pluss to representanter
54 fra fylkestingsgruppa. Fra fylkestingsgruppa skal det være en representant fra Finnmark og
55 en fra Troms.

56 Fylkesråd(er) som ikke har plass i kontaktutvalget på annen måte har møterett i
57 kontaktutvalget med tale- og forslagsrett.

58 Distriktssekretæren har møterett i kontaktutvalget med tale- og forslagsrett.

59 **§ 3 – ledelse av kontaktutvalget**

60 Kontaktutvalget konstituerer seg selv, men leder av kontaktutvalget skal være fra Finnmark i
61 periodene 1. januar – 31. mai, og 1.-31. desember, og fra Troms i perioden 1. juni – 30.
62 november.

63 Leder av kontaktutvalgets dobbeltstemme avgjør voteringer i kontaktutvalget ved
64 stemmelikhet.

65 **§ 4 – oppfølging av fylkestingsgruppa**

66 Kontaktutvalget overtar fylkesstyrets rett til å binde fylkestingsgruppa etter vedtektene.

67 **§ 5 – fordeling av inntekter og utgifter**

68 Kontaktutvalget vedtar fordeling av eventuelle inntekter og utgifter som tilkommer eller pådras
69 SV i Troms og Finnmark i fellesskap.

70 **§ 6 – opphør**

71 Kontaktutvalget opphører å eksistere etter 31. desember 2023.

72